



Vår referanse  
21/1595 21/11144

Dykkar referanse

Referent:  
Anita Sundnes

Dato  
18.08.2021

## Referat frå oppstartsmøtet - Detaljregulering for utbetring og omlegging av farleder i Ulsteinfjorden Skinnabrokleia, Svædet og Kyrkjefluda


<b>Møtestad:</b> Digitalt møte - Webex	<b>Møtedato:</b> 17.08.2021
<b>Deltakarar:</b> <b>Ulstein kommune:</b> Anita Sundnes <b>Herøy kommune:</b> Ole Magne Rotevatn	<b>Kystverket:</b> Catherine Taylor Grebstad Geir Solberg Ole Bjørn Molnes <b>Plankonsulent Multiconsult:</b> Sevrin Gjerde Bård Øyvind Solberg Kamilla Selseth

Kontaktinformasjon	
<b>Forslagsstillar:</b> Kystverket v/ Catherine Taylor Grebstad E-post: catherine.taylor.grebstad@kystverket.no Tlfnr: 701 60 136	<b>Plankonsulent:</b> Multiconsult v/ Sevrin Gjerde E-post: sevrin.gjerde@multiconsult.no Tlfnr: 906 38 390
<b>Ulstein kommune:</b> Anita Sundnes E-post: anita.sundnes@ulstein.kommune.no Tlfnr: 412 01 455	<b>Herøy kommune:</b> Ole Magne Rotevatn E-post: ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no Tlfnr: 909 74 128

Saksopplysningar:	
<b>Plannamn:</b>	<b>PlanID:</b>
Skinnabrokleia Herøy	1515 202104
Skinnabrokleia Ulstein	1516 20210005
Kyrkjefluda	1516 20210006
Svædet	1516 20210007
<b>Føremål med planarbeidet:</b> Kystverket skal utbetre farleden på Søre Sunnmøre frå Herøy til Ålesund, med utdjuピング slik at større båtar kan ferdast med større sikkerheit. Røyrasundet - Svædet er prioritert tiltak for kyst i korridor 4 i nasjonal transportplan. Ved Skinnabrokleia skal hovudfarleden omleggast. Utbetring av farleden inkludere ein kombinasjon av nye sjømerke og utdjuピング av enkelte område som er grunne. Massane frå utbetringa er planlagt lagt i deponi. Kystverket ønsker å planlegge for sjødeponi samtidig som at moglege deponi på land vurderast. Grunnen til dette er at planane i størst mogleg grad skal sikre gjennomføring av tiltaka. Område for sjødeponi	

vert utgreidd og regulert inn i planane. Både Herøy og Ulstein har meldt inn moglege landbaserte deponi. Det vil gjennom planprosessen gjerast vurderingar av kva som er mest formålstenlege deponi.

### Kart/Illustrasjon over planområda:



### Planstatus:

Kommune(del)plan:

Ja

Reguleringsplan:

Nei

Andre kommunale føringsdokument: Kommuneplanen sin samfunnsdel, arealdelen av kommuneplanen

Andre pågåande planprosessar i området?

Interkommunal kystsoneplan for kommunane Ulstein, Herøy, Hareid, Sande og Vanylven. Denne vert lagt ut til 1. gongs offentlig ettersyn medio september. Lenke til desse dokumenta vert å sende straks dei er klare.

Lenke til kartklient som syner kystsoneplanen:

<https://kommunekart.com/klient/ulstein/kystsoneplan>

Ulstein kommune  
Postboks 143  
6067 Ulsteinvik

www.ulstein.kommune.no  
postmottak@ulstein.kommune.no

Sentralbord: 70 01 75 00  
Org. nr: 964 979 456  
Kontonr: 3997.04.00153

### Konsekvensutgreiing (jf. [forskrift om konsekvensutgreiingar](#))

Kjem planarbeidet inn under forskrifta §6 og vedlegg 1?	nei
Kjem planarbeidet inn under forskrifta §8 og vedlegg 2?	ja
I tilfelle §8: vurdering av verknader for miljø og samfunn jf. forskrifta §10: Omfanget av sjødeponi er større enn forskriftskravet på 50 000 kubikkmeter for både Skinnabrokleia og Kyrkjefluda/Svædet. Dette inneber at begge tiltaka må konsekvensutgreiast med tanke på naturmangfald med spesielt fokus på viktige naturtypar og fuglelivet.	

### Avgrensinga til planområdet

Kommunen sin kommentar til planavgrensinga	Skinnabrokleia vert utreda og planlagt som ein plan, men vert splitta opp i kommunegrensa ved oversending til kommunane. Kyrkjefluda og Svædet må ligge som to planar. Kommunane har tildelt planID til dei enkelte planane, sjå over. Plankonsulent reknar med at planområdet til Svædet kan reduserast når ein får utgreia og konkludert i forhold til farledtrasè og deponibehov, men vel å ta med rikeleg areal ved oppstartsvarselet. Kommunene støttar desse vurderingane.
--	---

### Utgreiingstema ( ikkje uttømande liste)

**1. Sjødeponi** er ikkje utgreidd for nokon av alternativa. Dette innebere tematiske utgreiingar for aktuelle lokalitetar for sjødeponi.

- Grunnforhold
- Naturmangfald
- Miljøgeologi
- Marin teknikk – strømningsvurderingar

**2. Svædet alternativ B** – her vurderast det tiltak i andre del-område enn opprinneleg planlagt. Dette inneber supplering av utførte undersøkelser innan temaene: grunnforhold, naturmangfald og miljøgeologi. Marin teknikk er i utgangspunktet vurdert som tilstrekkeleg utgreidd.

**3. Kyrkjefluda og Svædet** ligg innanfor Flø fuglefredningsområde med tilgrensande dyrelivsfredning. Tiltaka planleggast innanfor det arealet som har status som dyrelivsfredning. Her er det i utgangspunktet ikkje strenge verneføresegner. Det er fleire viktige fugleområde og naturreservat i nærleiken og ein samla framstilling av dette kan være hensiktsmessig. Begge tiltaksområda heng saman. Plankonsulent foreslår at det vert gjennomført ei utgreiing/vurdering av konsekvensar for økologiske funksjonar for fuglelivet for både Skinnabrokleia og Kyrkjefluda/Svædet.

Prosess							
Særskilde behov for medverknad	nei Kommentar: Oppdatert varslingsliste vert å sende over ilag med referat.						
Planen vert gjennomført etter plan- og bygningslova sin § 3.7: <b>§ 3-7.Overføring av planforberedelse til statlig eller regional myndighet</b> <i>...Myndigheter med ansvar for større samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur kan etter samråd med planmyndigheten utarbeide og fremme forslag til arealplan for slike tiltak og beslutte å legge slike planer ut til offentlig ettersyn etter bestemmelsene for vedkommende plantype.....</i>							
Stipulert framdriftsplan	<table border="1"> <tr> <td>Politisk oppstartsak</td> <td>Ulstein: 02.sept - Herøy: første moglege</td> </tr> <tr> <td>Varsel om oppstart:</td> <td>Medio september 4 v høyring</td> </tr> <tr> <td>Ferdig planframlegg:</td> <td>November</td> </tr> </table>	Politisk oppstartsak	Ulstein: 02.sept - Herøy: første moglege	Varsel om oppstart:	Medio september 4 v høyring	Ferdig planframlegg:	November
Politisk oppstartsak	Ulstein: 02.sept - Herøy: første moglege						
Varsel om oppstart:	Medio september 4 v høyring						
Ferdig planframlegg:	November						
Behov for seinare dialogmøte mellom forslagsstillar og kommune	Etter avtale Kommentar: Plankonsulent vil halde kommunene fortløpande orientert om planarbeidet og kalle inn til arbeidsmøter ved behov.						

Plangebyr
Då Kystverket etter pbl § 3.7 får overført kommunen sin rolle som planmynde fram til slutthandsaming av planen, vert det ikkje kravd gebyr.

Kommunen sine råd og vurderingar	
Er det usemje om vesentlege punkt?	nei
Kommentar:	
Vil kommunen vurdere å stoppe planinitiativet? (jf. pbl §12-8 2. ledd)	nei
Kommentar:	

### Stadfesting og atterhald

*Informasjonen frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde og andre vil kunne føre til krav om endring av prosjektet og ev. nye utgreiingar som ikkje er nemnt her.*

*Utgreiingar og endringar av planen etter offentlig ettersyn må normalt kostast av forslagsstillar.*

Referat er lest gjennom og godkjend av partane.

Sist revidert: 18.08.2021 etter innspel frå partane.

Lenke til kommunene sine malar for utarbeiding av planforslag, føresegner m.m.:

**Ulstein:**

[Planprosess - malar og hjelpedokument](#)

**Herøy:**

[Planprosess - malar og hjelpedokument](#)

Med helsing

Ulstein og Herøy kommuner

referent:

Anita Sundnes

leiar plan- og bygningsavdelinga

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Vedlegg

Varslingsliste